





Elias sin familie

Sjå på bildet og snakk saman om det de ser:

Kven er med i denne familien? Kva gjer dei på bildet? Kva har dei på seg? Kvar er dei?

Eller les ei lita fortelling om Elias



Elias er fire år og har to familiar. Annankvar veke bur han i huset til pappa, og annankvar veke i huset til mamma. Mamma og pappa brukte å bu saman før, men for eit år sidan flytta mamma ut, og no bur dei kvar for seg.

Elias blei veldig lei seg då mamma og pappa fortalte at dei ikkje var kjærastar lenger og at mamma skulle kjøpe sitt eige hus å bu i. Han er framleis ganske lei seg for det, men han byrjar å bli vand med det også. Det som er bra med det er at mamma og pappa har slutta å krangle. Dei gjorde det ganske mykje før. No er dei gode nok venner til at dei kan vere saman til jul og bursdagar og sånn.

Elias har ei storesøster. Ho heiter Iben og er 8 år. Iben er fødd med noko som heiter Downs syndrom. Difor er augene hennar litt annleis enn Elias sine, og sjølv om ho er 8 år så er det ikkje alltid heilt lett for andre å forstå kva ho seier. Men Elias forstår kva Iben seier. Fordi Iben har Downs syndrom treng ho ofte lang tid for å lære ting, og ho kan trenge mykje hjelp frå mamma eller pappa. Sjølv om Elias er veslebror er det ofte han som må klare ting sjølv fordi Iben treng hjelp meir enn han gjer. Det kan være litt sårt. Men Iben er også veldig flink til mange ting, ho er kjempegod på å danse og er veldig glad i å synge og spele. Elias er veldig glad i Iben, og synest ho er verdens beste storesøster! Ho likar å leike med Elias og får han til å le. Elias er veldig glad i begge familiene sine.

Snakk saman:

Bruk dette som utgangspunkt for å snakke litt om kor ulike familiar kan vere og kva som kan være fint eller dumt i familiar. Få fram at det viktigaste i alle familiar er at dei vaksne passer på og er glade i barna, og at ein prøver å ha det fint saman i kvardagen.

Ingen har det alltid berre bra. Det er heilt normalt å bli sinte på kvarandre, krangle litt, eller seie ting ein angrar på, men det er viktig å prøve å gjere det godt igjen etterpå. Alle treng å føle seg trygge heime og vere sikre på at dei andre i familien er glade i seg.